



Onsdag tok vi hausten med oss inn i barnehagen. Vi lytta på vind, smakte på frukt som kjem inn om

hausten og fekk kjenne på regnet. Heldigvis hadde vi paraply og støvlar. Vi fekk høyra eventyret om epletreet som har stjernene inni seg.

Denne hausten er det 8 år sidan barnehagen opna, og det markerte vi torsdag ettermiddag. Vi inviterte barn, foreldre, søsken og besteforeldre til grilling, kaffi/saft og kaker. Vi hadde 'barnehagesti' med ulike spørsmål og salg av kunst.



70 tok turen innom og det set vi stor pris på. Takk til alle som kom og bidro til at dette vart ei koseleg stund. Barnehagen fekk inn 2200 kroner og inntektene går til stiftinga sjukehusbarn.

Nett: Ola Matti Mathisen